



IKT-plan barnehage 2023 - 2027 Høyanger kommune



Bjordal barnehage



Lavik barnehage



Vadheim oppvekstsenter



Kyrkjebø barnehage



Hjetland barnehage



Olderdalen barnehage

| | |
|---------------|---|
| Utarbeidd av | Barnehagane og Tenesteområde Oppvekst |
| Godkjent | Utval oppvekst og kommunestyret 03.06.2019. Revidert utgave godkjent Utval oppvekst 01.02.2024 |
| Første utkast | IKT plan for barnehage 2019-2023. . Revidert april 2021 – styrargruppa. IKT plan for barnehage 2023 -2027 Revidert oktober 2023 |

Innhald

| | |
|--|---|
| Barnehagen sitt formål..... | 1 |
| Den digitale praksisen til barnehagen..... | 1 |
| Digital kompetanse i barnehagen | 3 |
| Rammeverk for digital dugleik | 3 |
| Handtering av personopplysningar og viktig informasjon | 4 |
| Bilde og personvern i barnehagen | 4 |
| Progresjonsplan: Digital kompetanse | 5 |
| Oppsummering..... | 6 |
| LENKJE : | 7 |
| Mål og prioriterte tiltak for digitale verktøy | 7 |

Barnehagen sitt formål

FNs barnekonvensjon og Barnehagelova krev at alle norske barnehagar bygger verksemda si på lover og verdiar som desse gjev. Barnekonvensjonen sine rettighetsartiklar har barn sitt beste i fokus og fleire av artiklane understøttar barnehagen sitt arbeid med digitale verktøy og medie ved mellom anna å understreke at barn har rett til å bli høyrte og tatt omsyn til.

I følge lov om barnehager § 2, skal barnehagen gi barn høve til leik, livsutfalding og meningsfylte opplevingar og aktivitetar. *Lov om barnehager (Barnehageloven) Kunnskapsdepartementet 2016*

Den digitale praksisen til barnehagen

Rammeplan for barnehagen (2017):

Den digitale praksisen og bruk av digitale verktøy skal

- ☐ bidra til leik, kreativitet og læring.
- støtte opp om borna sine læreprosessar
- bidra til å oppfylle rammeplanen sine føringar for eit rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn ☐ brukast med omhug og ikkje dominere som arbeidsmåte.

Personalet skal

- utøve digital dømmekraft når det gjeld informasjonssøk, ha eit bevisst forhold til opphavsrett og kjeldekritikk og verne om personvernet til borna
- leggje til rette for at barn utforskar, leiker, lærer og sjølve skaper noko gjennom digitale uttrykksformer
- vurdere om mediebruken er relevant og eigna, og delta i mediebruken til borna
- utforske kreativ og skapande bruk av digitale verktøy saman med borna
- vere aktive saman med borna i bruk av digitale verktøy
- bruke digitale verktøy i situasjonar der det er naturleg i det daglege arbeidet ☐ ha fokus på kreativ bruk av digitale verktøy saman med barna.
- ha en progresjonsplan i høve til bruk av IKT i det pedagogiske arbeidet

(Kunnskapsdepartementet, 2017 s. 44-45)

Digitale verktøy og medieinnhold må inngå som ein naturleg del av det pedagogiske miljøet. Barn si nyfiske kan danne utgangspunkt for vidare leik, informasjonssøk og produksjon. Ulike typar programvare kan brukast som ein del av leiken og gje støtte i læring og skapande verksemd.

Barnehagen skal systematisk og kontinuerleg planlegge, følge opp, vurdere og utvikle den pedagogiske verksemda. Barnehagen bør bidra til digital danning hos borna ved å vise god praksis og ta barn med i samtaler om korleis IKT kan brukast godt, og kva som ikkje er bra bruk. Med manglande digital kompetanse hos personalet i barnehagen, slik Barnehagemonitor 2015 viser, står ein i fare for ukritisk bruk. IKT bør brukast bevisst og helst i prosessar der borna sjølve kan vere utforskande og utprøvande.

I barnehagelova § 1 og 2 står det mellom anna at “Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter” (*Kunnskapsdepartementet, 2005*). Digitale verktøy og medie blir ein ny måte å formidle verdiar, kultur og fag på, samt gje rom for barn si eiga kulturskaping og kreativitet, samt bidra til at alle barn får oppleve glede og meistring i eit sosialt og kulturelt fellesskap.

Ulike digitale verktøy vil i større og større grad bli synleg som eit pedagogisk verktøy i barnehagen.. Handlingsplan skal, i tillegg til informasjon fra tilsette i barnehagane, vere med på å gje foreldre kunnskap om kva mål, tiltak og arbeidsprosessar vi har i høve til IKT i barnehagane.

Planen skal vere eit dokument som:

- Blir brukt i barnehagekvardagen
- Gjev innspel og motivasjon til det daglege arbeidet i barnehagen
- Har tydeleg pedagogisk argumentasjon for kvifor vi skal jobbe med digital kompetanse

□

Følgjande verktøy finns til bruk for barn i barnehagen :

- iPad på kvar avdeling - tilgang på bærbar PC.
- Interaktiv tavle på fellesrommet
- Projektorar
- Digitale fotoapparat og/eller mobilar på kvar avdeling

Mål for det direkte arbeidet med barna i barnehagane

- Barna skal få skape digitale produkt
- Barna skal få erfaring i å innhente og handsame informasjon
- Barna skal ha erfaring med å kommunisere gjennom bruk av kommunikasjonsverktøy
- Barna skal få støtte i å utarbeide digital dømmekraft og utvikle ei grynande etisk forståing knytt til digitale medium.
- Barn skal etter endt barnehageliv ha med seg viktige og gode røymsler og opplevingar, samt ha fått rike høve til å lære grunnleggande kunnskapar og dugleikar i barnehagen sitt fellesskap. □ Alle barn skal få nødvendig kompetanse på digitale verktøy

Arbeidsform og innhald skal ta omsyn til barn sin medverknad, nyfiske og kreativitet, og bli knytt opp mot rammeplanen sine fagområde. www.iktplan.no skal brukast aktivt i dette arbeidet. Annan litteratur og andre nettressursar kan også brukast.

Digital kompetanse i barnehagen

I Stortingsmelding 19 står det "For å kunne delta i ulike former for læring og utdanning og for å delta aktivt i samfunns- og arbeidsliv er digital kompetanse en føresetnad ... Bruk av IKT i barnehagen skal støtte opp om barns læreprosesser og bidra til å oppfylle rammeplanens føringer for et rikt og allsidig læringsmiljø for alle barn. Å være en kritisk og reflektert IKT-bruker i en digital verden er en helt sentral kompetanse i dagens samfunn og må være et perspektiv som følger barnehagens arbeid" (*Kunnskapsdepartementet, s. 39*).

At samfunnet stadig er i endring påverkar barnehagen som pedagogisk verksemd og barnehagen sitt høve til å kunne drive verksemdsutvikling. "Digital kompetanse er ferdigheter, kunnskaper, kreativitet og holdninger som alle trenger for å kunne bruke digitale medier for læring og mestring i kunnskapsamfunnet" (*ITU, 2005*).

"Barnehagen skal ha de fysiske, sosiale og kulturelle kvaliteter som til enhver tid er i samsvar med eksisterende kunnskap og innsikt om barndom og barns behov" (Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver). Dette betyr at barnehagen må støtte barn si interesse og nyfike knytt til teknologien då digitale verktøy og medie no er ein del av barnekulturen. Barn er fødde inn i ei teknologisk verd, og teknologien er heilt naturleg for dei.

Rammeverk for digital dugleik

IKT i barnehagen må sjåast i samanheng med bruk av digitale verktøy som grunnleggande dugleik i skulen. I *Rammeverk for grunnleggande dugleikar, Utdanningsdirektoratet 2017* definerast digitale dugleikar slik: "Digitale ferdigheter vil si å innhente og behandle informasjon, være kreativ og skapende med digitale ressurser, og å kommunisere og samhandle med andre i digitale omgivelser. Det innebærer å kunne bruke digitale ressurser hensiktsmessig og forsvarlig for å løse praktiske oppgaver. Digitale ferdigheter innebærer også å utvikle digital dømmekraft ved å tilegne seg kunnskap og gode strategier for nettbuk."

Dugleiksområde

Bruke og forstå inneber å kunne bruke og navigere på digitale ressursar i og utanfor nettverk og ivareta informasjons- og datatryggleik. Digitale ressursar kan mellom anna vere digitalt utstyr, programvare og digitale måleinstrument. Videre innebær det å følgje digitale formkrav for å understreke og formidle budskap ved bruk av effektar, bilde, lyd, illustrasjonar, tabellar, overskrifter og punkt.

Finne og behandle inneber å tileigne seg, behandle, tolke og vurdere informasjon frå digitale kjelder, utøve kjeldekritikk og bruke kjeldetilvisning. Informasjon frå digitale kjelder kan vere informasjon frå tekst, lyd, bilde, video, symbol, interaktive element eller rådata frå registreringar og observasjonar.

Produsere og bearbeide inneber å vere kreativ og skapande med bruk av digitale ressursar. Dette inneber å lage digitale produkt ved hjelp av digitale ressursar, anten ved nyskaping eller vidareutvikling og gjenbruk.

Kommunisere og samhandle inneberer å kunne bruke digitale ressursar for kommunikasjon og samhandling. Digital samhandling inneber bruk av digitale ressursar til planlegging, organisering og gjennomføring av læringsarbeid saman med andre, til dømes gjennom samskriving og deling.

Utøve digital dømmekraft inneber å følgje reglar for personvern og vise omsyn til andre på nett. Det handlar om å bruke strategiar for å unngå uønska hendingar og å vise evne til etisk refleksjon og vurdering av eiga rolle på nett og i sosiale medie.

Dei digitale dugleikane vert utvikla gjennom å bruke digitale ressursar. Det inneber å nytte digitale ressursar til å tileigne seg fagleg kunnskap og til å uttrykke eigen kompetanse.

Handtering av personopplysningar og viktig informasjon

I barnehagen handterer ein personopplysningar, det vil seie alle typar informasjon og vurderingar om tilsette, barn og foreldre. Mykje av dette skjer ved bruk av digitale verktøy og digitalt utstyr, eksempelvis administrative system, e-post, Internett og heimesider, bærbare og stasjonære datamaskiner og minnepinnar. I tillegg er det svært vanleg at personopplysningar blir skrivne ned på papir som blir oppbevart i arkivskap, eller kommunisert dagleg gjennom munnlege samtalar.

Alle barnehageeigarar har ei lovpålagt plikt til å sørge for at personopplysningar som blir handsama elektronisk, eller oppbevart i arkivskap, er tilfredsstillande sikra. Dette følgjer av personopplysningsloven § 13 og personopplysningsforskriften kapittel to, og blir omtala som informasjonstryggleik. Formålet med reglane om informasjonstryggleik er å unngå krenkingar av personvernet til tilsette, barn eller foreldre. Det vil seie å ivareta behovet for personleg integritet og privatlivet sin fred. Målet med denne rettleiaren er å hjelpe barnehagepersonalet til å oppfylle sine lovpålagde plikter og sikre at personopplysningane blir handtert på ein forsvarleg måte.

[Rammeplan for barnehagen](#) seier at: "*Barn har rett til vern om sin personlige integritet. Et etisk perspektiv skal derfor ligge til grunn ved dokumentasjon av barnegruppen og enkeltbarn. Personopplysninger skal behandles i samsvar med personopplysningsloven. Med behandling av personopplysninger menes all innsamling, registrering, sammenstilling, lagring, og utlevering av opplysninger og vurderinger som kan knyttes til enkeltperson.*" (Kunnskapsdepartementet 2017 s 39)

Senter for IKT i utdanningen har utvikla ein rettleiar i [håndtering av personopplysninger og viktig informasjon i barnehagen](#). Rettleiaren gjev døme på uønska hendingar og tryggleikstiltak ved kommunikasjon internt i barnehagen og med foreldra.

Bilde og personvern i barnehagen

Det blir teke mange bilde i barnehagen, og det er fint. Både for foreldre som ønskjer å få eit innblikk i barnehagekvardagen, men også for dokumentasjon og utvikling av det pedagogiske arbeidet. Det er imidlertid viktig å ha ein bevisst tanke bak bilda som blir tekne, og stille seg spørsmålet - *kva er formålet med å ta dette bildet?* Det er særleg to omsyn som då er sentrale, og det er omsynet til den pedagogiske verdien av å ta bildet, og omsynet til barna sitt personvern.

Via visma gjev foreldre samtykke til bruk av bilete i barnehagen.

På nettressursen [dubestemmer.no](#) finn du filmar og anna materiell til arbeidet med denne tematikken

Les og lær meir om sikker oppbevaring av bilde, foto og lyd i rettleiingsheftet [Informasjonssikkerhet i barnehagen](#)

Les og lær meir om personvern i kompetansepakken [digital dømmekraft](#) Les

meir om bilde av barn hos [Datatilsynet](#)

Progresjonsplan: Digital kompetanse

«Barn bør få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og innhenting av kunnskap. Barnehagen sine arbeidsmåtar og innhald må sjåast i samanheng. Arbeidsformene må støtte barn si nyfike, kreativitet og vitebegjær» (Rammeplanen, s. 27)

Målsetting: Barna skal få røynsle med ulike digitale verktøy. Personalet skal bruke digitale verktøy i situasjonar der det er naturleg, og ha fokus på ein kreativ bruk av desse verktøya saman med barna.

Progresjonsplanen vektlegg at arbeidet med digitale verktøy blir integrert med det øvrige pedagogiske arbeidet i barnehagen. Kombiner nye og «gamle» metodar.

Progresjonsplanen skal bearbeidast og tilpassast med tiltak i den enkelte barnehage.

Barnehagane lagar plan for aktivitetar i dei ulike avdelingane.

| Alder | Prosessmål | Tiltak |
|--------|--|---|
| 1-3 år | <p>Borna skal få start-røynsle med tekniske hjelpemiddel - i situasjonar der det er naturleg.</p> <p>Borna <i>kan</i> fotografere og dokumentere barnekvardagen sin.</p> | <p>Borna får vere med dei vaksne når dei brukar digitale verktøy som t.d.PC, nettbrett, digitalkamera, kopimaskin, skrivar, skannar, interaktiv tavle.</p> <p>Borna <i>kan</i> fotografere, vere med å skrive ut bileta, og fortelje kva dei ser t.d. dokumentasjon av egne opplevingar til permen sin, dagsrapport, digital forteljning.</p> |
| 3-5 år | <p>Borna skal få <i>meir</i> røynsle med ulike tekniske hjelpemiddel.</p> <p>Borna kan fotografere og dokumentere barnehagekvardagen sin.</p> <p>Borna skal få røynsle med lyd og opptak - og digital forteljning.</p> <p>Borna skal få røynsle med kreativ og variert programvare og applikasjonar.</p> | <p>Borna får vere med dei vaksne når dei brukar digitale verktøy.</p> <p>Borna kan fotografere sjølve, skrive ut bilda og fortelje kva dei ser. Borna er med og dokumenterer, m.a. til permen sin, dagsrapport, plakatar, digital forteljning, temabøker og bildecollagar. Borna får kopiere og skanne.</p> <p>Borna er med og tek opp lyd (song/ rim, og regler/ lydar/ samtale).</p> <p>Borna får høve til å eksperimentere i teikneprogram eller teikneapplikasjonar, på datamaskin, nettbrett eller ei interaktiv tavle.</p> <p>Personalet skal tilby digitale spel, programvare og applikasjonar som utfordrar borna språkleg og matematisk: farge, mønster, symmetri, årsak/ verknad m.m.</p> |

| | | |
|--------|--|---|
| 5-6 år | <p>Borna fotograferer og dokumenterer barnehagekvardagen sin.</p> <p>Borna er med og produserer nye produkt av egne bilde.</p> <p>Borna skal få meir røynsle med lyd og lydopptak.</p> <p>Borna får vere med og skape og produsere ei digital forteljing.</p> <p>Borna skal få røynsle med kreative og varierte nettsider.</p> <p>Alle borna skal få høve til å bruke datamaskin, nettbrett og ulike digitale verktøy.</p> | <p>Borna er «dagens fotograf» og lagar dokumentasjon til t.d. ein dagsrapport: fotograferer sjølv, skriv ut bilda og lagar eller skriv tekst til (tekstskaping).</p> <p>Borna dokumenterer med foto og tekst i permen sin, og lagar annan dokumentasjon og eventuell skulemappe.</p> <p>Borna lagar spel/ temabok/ bildecollage, t.d. med utgangspunkt i eit aktuelt tema, gjerne med borna sine egne bilde. Personalet brukar tankekart saman med borna.</p> <p>Borna produserer animasjonsfilm - og skaper forteljinga sjølve. Borna får kjennskap til programmering – t.d ved bruk av «bier».</p> <p>Personalet skal legge til rette for leikeskriving og støtte borna i å skrive bokstavar, tal og symbol på datamaskin og nettbrett. Personalet skal tilby borna meir utfordrande og varierte digitale spel, programvare, applikasjonar og nettsider, med hovudvekt på det matematiske, språklege og kreative. Personalet søker etter fakta og leitar opp informasjon på Internett saman med borna; finn bilde, kart, oppskrifter m.m. Personalet skal gje borna røynsle med etiske problemstillingar og nettvett.</p> |
|--------|--|---|

Oppsummering

Målet med denne IKT-planen for barnehagane i Høyanger kommune er å styrke og systematisere barna og dei tilsette si tileigning av digital kompetanse, samt sikre gode digitale prosessar i barnehagen. Det overordna målet med planen er at alle barnehagane i Høyanger kommune skal bruke IKT som eit pedagogisk verktøy i det daglege arbeidet med barna i barnehagen. Det føreset at nødvendig kompetanse og utstyr er tilfredsstillande. Den nye rammeplanen for barnehagen har eit tydelegare digitalt perspektiv. Innanfor digital dømmekraft er oppdraget å oppdra barn og unge til kritisk og sjølvstendig tenking. Det å lære å tenke gjennom kva ein deler på nettet, men også å vere kritisk til det ein finn på nettet. Dette arbeidet startar i barnehagen, og blir jobba vidare med i skulen som ein del av dei fem grunnleggande dugleikane, «digitale ferdigheter» (Kunnskapsløftet).

Potensialet i digitale verktøy er mange og kan som rammeplanen seier bidra til leik, kreativitet og læring.

Digitale verktøy og medieinnhald må inngå som ein naturleg del av det pedagogiske miljøet. Barn si nyfike kan danne utgangspunkt for vidare leik, informasjonssøk og produksjon. Ulike typar programvare kan brukast som ein del av leiken og gje støtte i læring og skapande verksemd.

Viktig:

Arbeidet med IKT og digitale verktøy skal ikkje erstatte alt det andre pedagogiske arbeidet som skjer i barnehagane, det skal vere eit supplement - for å sikre barna ein variert og stimulerande barnehagekvardag! Bruk av digitale verktøy må integrerast i det pedagogiske arbeidet, slik at det blir ein naturleg del av barnehagekvardagen.

LENKJE :

- <http://www.iktplan.no/index.php?pageID=20#articleClosed>
- <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/digital-praksis-i-barnehagen/>
- <https://www.digitalkreativitet.no/opphavsrett/>
- <https://www.barnehage.no/artikler/en-god-rammeplan-for-bruk-av-digitale-verktoy/429161>
- <https://www.barnevakten.no/skjermtid-helsedirektoratet/>

Mål og prioriterte tiltak for digitale verktøy

| Overordna mål | Tiltak | Ansvar | Økonomi | Tidsperspektiv |
|--|---|---|---|----------------|
| I barnehagen skal alle barn få oppleve at digitale verktøy kan vere ei kjelde til leik, kommunikasjon og hente inn kunnskarar. | Vedlikehalde digitale tavler, nettbrett og PC-ar. Tilfredsstillande trådlaut nettverk i barnehagen. Innkjøp av digitale fotoapparat ved behov. | IKT-ansvarleg syt for vedlikehald, og styrar har bestillingsansvar og syt for at det er tilfredsstillande utstyr. | Felles driftsbudsjett. IKT-ansvarleg kommunen. Eige budsjett i barnehagen | Kontinuerleg |
| Alt pedagogisk personale i barnehagen skal ha si eiga berbar datamaskin med muligheit for å kople seg på trådlaut internett. | Det vert kjøpt inn bærbare datamaskiner til pedagogisk personale som manglar dette. Jamlege oppdateringar. | | Felles driftsbudsjett. | Kontinuerleg |

| | | | | |
|--|---|---|--|--|
| Barnehagen skal ha ein funksjon som lokal IT ansvarleg med frigjeven tid. | På hausten skal det setjast opp ein tidsplan slik at IKT ansvarleg får frigjeve minimum 2 timer per måned til IKT-oppgåver. Det er eit mål at ressursen vert auka i planperioden. | Styrrar i barnehagen i samråd med IKT-ansvarleg. Oppvekstkontoret utarbeider ei stillingsbeskriving for funksjonen. | | Våren 2022 – funksjonsbeskringar Kontinuerleg at personalet får kjennskap og oppdaterer seg på t.d interaktive tavler |
| Alle tilsette skal ha nødvendig opplæring i dei digitale verkøya som barnehagen har, og sikre at dei tilsette ser mulighetene verkøya gjev. | Det må settast av tid i det daglege arbeidet og på møter til kompetanseheving. | Styrrar Innhente kompetanse ved behov. | Innanfor barnehagen sitt eige budsjett. Nytte rekomp midlar til opplæring innan IKT | Barnehageåret 2023/2024 |
| Alle tilsette skal ha kunnskap om kvifor og korleis barnehagen skal arbeide med digital kompetanse. | Internt tema i barnehagen. Felles kurs | Styrrar | Innanfor barnehagen sitt eige budsjett. | Barnehageåret 2023/2024 |
| Personalet i barnehagen skal bruke felles plattform VISMA til informasjon og kommunikasjon med foreldre. | Opplæring i bruk av felles plattform. | Oppvekstkontoret Styrrar IKT-ansvarleg kommunen | | Etablert frå barnehageåret 2020/2021. |
| Barnehagen skal utnytte kompetansen hjå ein eventuell e-pedagog. Programmering (både med og utan datamaskin) Digital kreativitet Tavlebruk | E-pedagogane kjem på besøk i barnehagen både etter behov og etter oppsett plan. Plan blir utsendt kvar haust og vår. Personalet i barnehagen er også med for å kunne jobbe vidare med det som blir presentert. | Styrrar E-pedagogane | Felles driftsbudsjett. UDIR programmeringsmidlar. | Kontinuerleg |